

## Innspel til framtidas skulestruktur frå FAU ved Ulstein skule

Ulstein skule tilbyr eit trygt og godt læringsmiljø for barna våre. Forslaget om å legge ned skulen fører til at barn, foreldre og folk i bygdene kjenner seg usikre på framtida. Vi har oppsummert innspela våre i seks hovudpunkt:

- 1. Kva konsekvensar får skulenedlegging for busetjing i krinsane?**
- 2. Kor mange elevar vert det per klasse dersom Ulstein skule og Ulsteinvik barneskule vert slått saman? Korleis påverkar dette kvaliteten i opplæringa?**
- 3. Korleis er kvaliteten og storleiken på uteområdet ved sentrumsskulen?**
- 4. Korleis vil auka trafikk påverke området rundt Ulsteinvik barneskule?**
- 5. Kva vil skje med bygningsmassen og uteområdet dersom Ulstein skule vert lagt ned?**
- 6. Kva er barnas beste?**

### **1. Kva konsekvensar får skulenedlegging for busetjing i krinsane?**

I rapporten står det lite om kva konsekvensar skulenedlegging får for bygdene. Vi trur det er stor fare for at færre har lyst til å etablere seg i bygdene dersom nærskulane vert lagde ned. Nærskulen fungerer som eit samlingspunkt for folk i bygdene. I sentrum nær Ulsteinvik barneskule finst det ingen ledige tomter. I krinsane finst det ledige tomter. På nettsida til Ulstein kommune blir det nye byggefeltet på Skeide marknadsført som «*eit triveleg nærmiljø med barneskule. Her vert det flott å bygge og bu!*» FAU trur at det nye byggefeltet på Skeide vil føre til fleire barn ved Ulstein skule. I tillegg er både Ulstein og Flø attraktive område for barnefamiliar dersom vi får behalde nærskulen. Ei skulenedlegging kan føre til at det vert mindre attraktivt å kjøpe tomter i desse områda. Det vil igjen kunne føre til økonomisk tap for kommunen. Dersom Ulstein kommune ønskjer å selje tomter i krinsane, er det svært uheldig å legge ned nærskulane. I tillegg meiner vi at familiar som bur mellom dagens krinsgrense og Reiten, bør ha moglegheit til å velje Ulstein skule for barna sine dersom dei ønskjer det. Fleire av dei som bur i området nær krinsgrensa, har allereie valt Ulstein skule for barna sine.

### **2. Kor mange elevar vert det per klasse dersom Ulstein skule og Ulsteinvik barneskule vert slått saman? Korleis påverkar dette kvaliteten i opplæringa?**

FAU v/Ulstein skule stiller spørsmål ved kor mange elevar det vert per klasse dersom Ulstein skule og Ulsteinvik barneskule vert slått saman. Vil kommunen setje ei øvre grense på kor mange elevar som kan gå i ei klasse? Har kommunen kunnskap om korleis store elevgrupper påverkar kvaliteten i opplæringa? Har Ulsteinvik barneskule tilstrekkeleg med grupperom dersom tanken er at alle desse elevane skal delast opp i mindre grupper? Har Ulstein kommune teke høgde for tilflytting og eventuelt opplæringstilbod for flyktningar når dei har laga sine prognosar? I følgje lærarnorma skal det vere maks 15 elevar per lærar på 1.–4. trinn og maks 20 elevar per lærar på 5.–7. trinn. I følgje prognosane vil det vere behov for to lærarar i dei aller fleste klassene ved Ulsteinvik barneskule dersom Ulstein kommune skal følgje lærarnorma. Vil Ulstein kommune setje inn vikar dersom ein lærar på eit trinn vert sjuk? Eller vil kommunen spare pengar på å la den eine læraren ta ansvar for heile klassen?

### **3. Korleis er kvaliteten og storleiken på uteområdet ved sentrumsskulen?**

I rapporten frå KS Konsulent står det lite om uteområdet ved Ulsteinvik barneskule. FAU ved

Ulstein skule er uroa for både kvaliteten og storleiken på uteområdet ved sentrumsskulen. På folkemøtet på Sjøborg kommenterte Jo Grunde frå KS Konsulent at uteområdet ved Ulsteinvik barneskule ikkje er uforsvarleg. Vi som foreldre synest at dette ikkje er godt nok for barna våre. Vi ønskjer eit stort uteområde som byr inn til leik for barn i alle aldrar. Dette meiner vi at Ulstein skule tilbyr i dag. FAU ved Ulstein skule samlar kvart år inn pengar som vert brukte på uteområdet, og foreldra ved skulen stiller på dugnad. Dersom Ulstein skule vert lagt ned, er det nok stor fare for at ein legg ned dugnadsånda til foreldra i same slengen.

#### **4. Korleis vil auka trafikk påverke området rundt Ulsteinvik barneskule?**

Dei barna som bur på Ulstein og Skeide, kan i dag gå eller sykle på ein trygg skuleveg til Ulstein skule. Dersom Ulstein skule vert lagt ned, vil barn frå Flø, Ulstein og Skeide få lenger reiseveg og lenger reisetid. Elevane frå Skeide og Ulstein har heller ikkje automatisk krav på skyss med skulebuss. Vi trur dette vil føre til at mange foreldre vil køyre barna sine til Ulsteinvik barneskule. Trafikksituasjonen rundt sentrumsskulen vert i dag skildra som kaotisk når elevar skal leverast og hentast. Ulstein kommune må difor tenkje nøye gjennom korleis meir trafikk vil påverke både mjuke trafikantar langs skulevegane og området rundt Ulsteinvik barneskule. Dersom kommunen tenker at dei skal tilby gratis skyss til alle elevane frå Flø, Ulstein og Skeide, er det framleis fleire konsekvensar som bør vurderast. Slik bussrutene er i dag, vil både reisetid og venting spesielt ramme elevane frå Flø. Skulebussen fra ytre Flø går klokka 07.35, medan Ulsteinvik barneskule byrjar klokka 08.30. FAU ved Ulstein skule er spesielt uroa for korleis det vert for dei yngste elevane som skal sendast åleine på buss til sentrum av Ulsteinvik. I praksis trur vi at mange foreldre vil velje å køyre dei yngste borna til skule/SFO dersom dei må til Ulsteinvik barneskule. Ei flytting av elevar frå Ulstein skule til Ulsteinvik barneskule, vil også føre til at fleire elevar må vente på skulebussen i sentrum når dei skal heim etter skulen med dei ulempene det fører med seg.

#### **5. Kva vil skje med bygningsmassen og uteområdet dersom Ulstein skule vert lagt ned?**

Eit anna viktig spørsmål er: Kva vil skje med bygningsmassen og uteområdet dersom Ulstein skule vert lagt ned? Vi kjenner ikkje til aktørar som kan tenkje seg å kjøpe Ulstein skule frå kommunen, dersom skulen vert lagd ned.

#### **6. Kva er barnas beste?**

Når det gjeld prognosene over barnetala i Ulstein kommune, så veit vi at prognosar har teke feil før og at desse prognosane kan endre seg saman med situasjonen i det maritime næringslivet. Det er berre seks år sidan skulebehovsplanen for Ulstein kommune viste ein god vekst i elevtal i kommunen. Når ein lagar elevprognosar for framtida samstundes som den maritime næringa er nede i ein bølgdal, må kommunen ta høgde for at behovet for skuleplassar kan endre seg.

Ulstein kommune bør også førebu seg på at det kan dukke opp behov for fleire skuleplassar på kort varsel. No opplever vi ei av dei største flyktningkrisene i Europa. Har skulane plass til å hjelpe flyktningar som har rett på utdanning?

Kva skjer dersom politikarane legg ned Ulstein skule for deretter å erfare at sentrumsskulen vert for liten om 10, 20, 30 år? Skal då det neste byggetrinnet ved Ulsteinvik barneskule setjast i gang, eller må elevar og lærarar tilbake til brakker?

Det økonomiske motivet går som ein raud tråd gjennom heile rapporten om skulestruktur. Samstundes står det at ein skal legge vekt på det som er barnas beste i kvalitet og innhald i skulen.

Nedlegging av skular er irreversibelt. Kva følgjer får skulenedlegging for elevane ved Ulstein skule? Og kva følgjer får det for elevane som allereie går ved Ulsteinvik barneskule? I rapporten står det at ein kan spare pengar ved å få ned lærartettleiken. I praksis betyr dette at ein lærar skal ha ansvar for fleire elevar. Vil dette føre til at lærarane får mindre tid til kvar enkelt elev? Kan lågare lærartettleik føre til auka behov for spesialundervisning? Kan lågare lærartettleik føre til meir slitasje på lærarane og dermed auka behov for vikarar? Kan nedlegging av skular føre til mindre fleksibilitet for elevar som av ulike grunnar har behov for eit skulebyte?

Når politikarane skal avgjere framtidas skulestruktur, håper vi at dei forstår kva som er barnas beste og kva som er det beste for heile Ulstein kommune, for krinsane og sentrum, i dag og for framtida. Det er å verne både Ulstein skule og Haddal skule.

#### Vedlegg:

Tala som står i svart er henta frå Grunnskolens informasjonssystem (Skuleåret 2021/2022) (<https://gsi.udir.no/>)

\*Tala som står i blått er henta frå side 81 i rapporten som Ulstein kommune ved oppvekst og kultur laga i april 2021.

Trinn	Ulstein skule	Ulsteinvik barneskule UBS	Elevar Ulstein skule og UBS	Tal på klasser*	Elevtal per klasse*
1	7	79	86	4	21,5
2	9	59	68	3	22,6
3	13	55	68	3	22,6
4	13	59	72	3	24
5	15	49	64	3	21,3
6	3	76	79	4	19,75
7	15	73	88	4	22
Sum	75	450	525	24	

I følgje rapporten ved oppvekst og kultur (april 2021), har nye Ulsteinvik barneskule til saman 27 klasserom. Det inneber at det er eit klasserom for lite dersom det vert behov for fire klasser på alle trinn ved Ulsteinvik barneskule i framtida.

#### Ulstein kommune: Innsparringsplan 2021 – oversikt per sektor og ansvar:

<https://innsyn.ulstein.kommune.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2020024761&dokid=321979&versjon=1&variant=A&>

#### Bussruter frå Flø til Ulsteinvik sentrum:

[https://www.frammr.no/ezflow\\_mrfylke/view/1247934/305+Ulsteinvik-Fl%C3%B8+04.01.22.pdf](https://www.frammr.no/ezflow_mrfylke/view/1247934/305+Ulsteinvik-Fl%C3%B8+04.01.22.pdf)